

## **Referat frå soknerådsmøte onsdag 4/12-24, kl. 17-19.30 på Solhaug**

**Til stades:** Katrine Burmester, Nils Steinar Stavsholt, Hilde Roksund, Carina Syvertsen Pedersen, Marie H. Nordli, Gunhild Sofie Halsvik Rønningen kom under sak 89/24. Sokneprest Ragnhild Halden og kyrkjeverge Mona Halsvik.

**Varamedlem:** Inger Røddesnes.

**Meldt forfall:** Stian Holte.

Nestleiar Katrine Burmester leia møtet.

### **Sak 84/24: Godkjenning av innkalling.**

**Vedtak:** Innkallinga vart godkjent.

### **Sak 85/24: Godkjenning av referat.**

**Vedtak:** Referat frå møte 30.10.24 vart godkjent.

### **Sak 86/24: Orienterings- og informasjonsaker.**

- 1. Teaterframsyning «Ja, frøken Nilsen- ei forestilling om medmennesket»** av Randi Mossing blir framført i Lunde kyrkje **torsdag 27. februar 2025 klokka 18:00. - Merk tida.**  
Dette er eit samarbeid med Holla og Helgen sokn, og ein vil føreslå og dele eventuelt overskudd.
- 2. Innspel om felles bønemøte** på Solhaug, Bedehuset og Veslekjørka lar ein bero foreløpig. Bedehuset og Veslekjørka vil ha eit samarbeid om dette.
- 3. Lysmesse og torsdagsgudstenester** - soknerådsleiar ber alle i soknerådet om å stille seg til disposisjon for å kunne hjelpe til.
- 4. Supertorsdag** - det jobbast fortsatt for å få med fleire til å engasjere seg.
- 5. Økonomi og disponering** – soknerådet vil presisere at me har forplikta oss gjennom Det Norske Misjonsselskap i eit visst antall år med bidrag, og ikkje noko spesielt beløp.  
Leiren for konfirmantane kvart år på Gjennestad, er også ein stor utgiftspost i budsjettet.

### **Sak 87/24: Godkjenning av budsjett for 2025.**

**Vedtak:** Saka vart utsett til møtet i januar.

### **Sak 88/24: Innkjøp av projektor til Lunde kyrkje. Vurdere anbud og velge leverandør.**

Det skal jobbast vidare med desse vurderingane, og blir tatt opp 15.01. neste år med dei som er involvert i saken.

**Vedtak:** Saka vart utsett til møtet i januar.

### **Sak 89/24: Saker frå bispedømmet ute på høyring.**

**Vedtak:** Soknerådet ynskjer ikkje å uttale seg i dei aktuelle sakene.

### **Sak 90/24: Evaluering av soknerådets arbeid/soknets aktivitet i 2024.**

- 1. Årsmøte.** Soknerådet ynskjer å utvikle dette, ynskjer større deltaking frå menigheten.
- 2. 17.mai.** Soknerådet har fått bare positive tilbakemeldingar på årets arrangement, og vil fortsetja med same opplegg komande år.
- 3. Konfirmantane.** Ragnhild sier at det er gode tilbakemeldingar, og særskild konfirmantfesten blir verdsatt.
- 4. Aktivetsdag på Solhaug.** Eit vellykka arrangement som blei gjennomført på ein fin måte. Dette er ein dag som er med på å gjera menighetens aktivitet populær.
- 5. Soknerådet.** Er med på å stille som kyrkjevertar og deltek med kyrkjekaffe i kyrkja. Bord og stolar som nå har fått ei fin plassering bakerst i kyrkja, er eit positivt tilskudd for å lage ein hyggeleg kyrkjekaffe.
- 6. Solhaug.** Ynskjer dette skal vera ein stad med låg terskel. Dette året har det i tillegg til alle dei andre aktivitetane som føregjeng gjennom året på Solhaug, blitt arrangert 3 konsertar, - vårkonsert, Gunnar og Olav Ajer sin konsert og julekonsert. Leiar i pensjonistlaget Olav Ajer, informerar på treffa dei har jamleg på Lundetunet, om kva som skjer på Solhaug.
- 7. Basar.** Årleg Solhaugbasar der KORiander deltek. Fine gevinstar og fullt hus.

### **Sak 91/24: Eventuelt.**

- 1.** Nils Steinar tok opp spørsmålet om å organisere skyss til kyrkja for dei som treng det. Soknerådet vil prøve å få til ei organisering på dette, og få til ei ordning for dei som har behov for skyss.
- 2.** Soknepresten etterspurde om hjelp på lysmessa nå før jul, og Mona og Gunhild Sofie melde seg for å hjelpe til.
- 3.** Katrine Røimål har ansvar for juletreffesten 05.januar 2025. Katrine organiserar og har oversikt over programmet denne kvelden. Det blir andakt ved soknepresten.

Sokneprest Ragnhild Halden avslutta møtet med å ynskje alle ei god velsigna julehøgtid, og minna om at «Lyset er sterkere enn mørket».

Skrivar: Marie H. Nordli, Lunde 8/12-24.